

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø ved Måløy vidaregåande skule



Trivsel og læring i eit inkluderande skulemiljø

Innhald

Innleiing	3
Mål	3
Lovverket	3
§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skolemiljø.	3
§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid	3
§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)	3
§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde i frå dersom ein som arbeidar på skolen, krenkjer ein elev	4
Aktivitetsplikta.....	4
Førebyggjande arbeid med skulemiljø.....	4
Klassemiljø	4
Draumeskulen.....	5
Tankevirus.....	5
Tilbod og aktivitetar ved skulen for å styrke elevane sitt psykososiale miljø	5
Elevtenesta	5
Felles aktivitetar	6

Innleiing

Måløy vidaregåande skule er ein skule med litt i underkant av 350 elevar. Skulen har eit stort mangfald av utdanningstilbod, både innanfor studiespesialiserande fag og yrkesfag. Elevane ved skulen kjem frå store delar av Nordfjordkommunane, men også andre stader i fylket. Skulen har enkelte år opp mot 100 elevar som bur på hybel.

Trivsel i skulekvardagen er grunnleggande viktig for at elevane skal lære og få gode meistringsopplevingar. Trivsel handlar om å ha eit trygt og godt læringsmiljø med gode relasjonar til medelevar og lærarar.

Mål

Mål for Måløy vidaregåande skule er at alle elevar som går på skulen skal ha eit trygt og godt skulemiljø der dei trivast og utviklar seg sosialt og fagleg. Dersom nokon elevar ikkje har det trygt og godt skal det takast tak i og skulen skal gjere det dei kan for at dei skal få eit trygt og godt skulemiljø.

Lovverket

Opplæringslova kapittel 12 handlar om elevane sitt skulemiljø.

§ 12-2. Retten til eit trygt og godt skulemiljø.

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, inkludering, trivsel og læring.

§ 12-3. Nulltoleranse og førebyggjande arbeid

Skolen skal ikkje godta krenkjande oppførsel, som til dømes mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Skolen skal arbeide kontinuerleg for at alle elevane skal ha eit trygt og godt skulemiljø.

§ 12-4. Plikt til å sikre eit trygt og godt psykososialt skulemiljø (aktivitetsplikt og dokumentasjonsplikt)

Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på korleis elevane har det, og om mogleg gripe inn dersom nokon krenkjer ein elev.

Alle som arbeider på skolen, skal melde frå til rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Det gjeld også når ein elev seier sjølv at ho eller han ikkje har det trygt og godt. Skolen skal snarast undersøkje saka og rette opp situasjonen med eigna tiltak. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen i alvorlege tilfelle.

Skolen skal lage ein skriftleg plan for tiltaka i ei sak. I planen skal det stå

- a. kva problem tiltaka skal løyse

- b. kva tiltak skolen har planlagt
- c. når tiltaka skal gjennomførast
- d. kven som skal gjennomføre tiltaka
- e. når tiltaka skal evaluerast

Skolen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til andre ledd, i den forma og det omfanget som er nødvendig.

§ 12-5. Skjerpa plikt til å melde i frå dersom ein som arbeidar på skolen, krenkjer ein elev

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, krenkjer ein elev, skal vedkommande straks melde frå til rektor. Rektor skal melde frå til kommunen eller fylkeskommunen, med mindre meldinga er openbert grunnlaus.

Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein i leiinga ved skolen krenkjer ein elev, skal vedkommande melde frå til kommunen eller fylkeskommunen direkte.

Aktivitetsplikta

Skulen har ein aktivitetsplikt etter opplæringslova § 12-4. Formålet med aktivitetsplikten er å sikre at skulen handlar raskt og riktig når en elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Aktivitetsplikta er delt i fem delplikter: Alle som arbeider på skulen har plikt til å **følge med** på elevane, **gripe inn** mot krenkelsar og **melde frå** til avdelingsleiar eller rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har plikt til å **undersøke** og **sette inn eigna tiltak** som sørger for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø.

Aktivitetsplikta inneberer også at skulen skal sørge for elevane si medverknad. Dette gjerast ved at involverte elevar blir høyrte og at barnets beste skal være et grunnleggande omsyn i skulen sitt arbeid. Skolen må ta omsyn til barnets beste i alle vurderingar og handlingar for å oppfylle aktivitetsplikten.

Førebyggjande arbeid med skulemiljø

Klassemiljø

Det aller viktigaste førebyggjande arbeidet skjer i den enkelte klasse i møte mellom elevar og mellom lærar og elevane. Dei første vekene i skuleåret er viktig for å bygge eit godt klassemiljø og utvikle gode relasjonar. Kontaktlærar har ansvar for

å legge til rette for at elevane blir kjent med kvarandre og at det lagast klassereglar der dei blir einige om korleis dei vil ha det i klassa.

Kontaktlærer gjennomfører ei oppstartssamtale med alle nye elevar i løpet dei første vekene. Oppstartssamtala er viktig for å:

- skape tryggleik, openheit og tillit mellom elev og lærarar
- avklare gjensidige forventningar
- bidra til eit godt samarbeid mellom elev og kontaktlærer
- gje skulen betre mogelegheiter for å legge til rette opplæringa for kvar enkelt elev og elevgruppe
- gje elev og kontaktlærer rom til å drøfte og planlegge tiltak i eleven sitt vidare arbeid

Draumeskulen

Måløy vgs deltek i *Voksne for barn* sitt skuletiltak Draumeskulen. Målet med draumeskulen er ei systematisk jobbing med psykisk helse, meistring og inkludering i skulen. Draumeskulen omfattar ei ressursgruppe som har ansvar for å planlegge og gjennomføre førebyggjande, sosiale tiltak gjennom skuleåret. I tillegg har vi kvart år elevmentorar som har som oppgåve å ta i mot nye elevar ved skulestart, bidra til å skape samhold og gode relasjonar i nye klassar og lage sosiale aktivitetar på skulen som skapar inkludering og tilhørigheit.

Tankevirus

Frå hausten 2023 tek skulen i bruk førebyggingsprogrammet «Tankevirus». Alle Vg1-klassane skal gjennomgå eit kurs med tre økter i løpet av hausthalvåret. Tema vil vere livsmeistring og psykisk helse. Dette er eit samarbeid med Psykisk helse og rus i Kinn kommune.

Tilbod og aktivitetar ved skulen for å styrke elevane sitt psykososiale miljø

Elevtenesta

Utanom lærarane har vi mange som ønsker å bidra til at elevane på skulen skal trivast og ha det bra. Innanfor elevtenesta er det samla fleire funksjonar.

Miljøkoordinator: Skulen har miljøkoordinator som har som sin hovudoppgåve å arbeide med det psykososiale miljøet på skulen. Miljøkoordinatoren legg til rette for felles sosiale aktivitetar, er ansvarleg for open-skule-tilbodet, følgjer spesielt opp hybelbuarar og er tilgjengeleg for samtalar og ulike former for støtte som elevar har behov for.

Open skule: Skulen har dette tilbodet to ettermiddag/ kveldar i veka, måndag og torsdag. Her får elevane tilbod om gratis middag og delta i ulike aktivitetar. Det er tilbod om treningsrom, ope verkstad og elles sosiale aktivitetar som spel og liknande.

Rådgjevar: Skulen har to rådgjevarar som kan hjelpe elevane med m.a.:

- Informasjon og råd om val av studieretningsfag og valfag
- Informasjon og råd om yrke og vidare utdanning
- Råd og rettleiing dersom du opplev vanskar i skulearbeidet
- Råd og støtte dersom du har personlege eller sosiale vanskar
- Opprette kontakt med andre instansar

Helsesjokepleiar: Skulen har fast helsesjokepleiar 2 dagar i veka. Helsesjokepleiar kan gi råd og hjelp med både fysiske og psykiske plager.

Rettleiingstenesta: Skulen har fast samarbeid med rettleiingstenesta i Vestland fylkeskommune. Rådgjevarar frå rettleiingsteneste har faste dagar på skulen. Rettleiingstenesta omfattar pedagogisk psykologisk teneste og oppfølgingstenesta, og samarbeidar med skulen m.a. om å legge til rette for elevar som treng ulike former for tilrettelagt opplæring.

Andre samarbeidspartar: Skulen har også fast samarbeid med Psykisk helse og rus i Kinn kommune, politiet og NAV.

Felles aktivitetar

Felles aktivitetar bidreg til å utvikle ei fellesskapskjensle på skulen. Måløy vgs er ein skule med stort mangfald og mange ulike utdanningstilbod. Det er viktig å kunne møtast på tvers av klassar og utdanningstilbod.

I løpet av året har skulen ein del felles arrangement, med anna:

- Idrettsdag – med ulike idrettsaktivetar. Her skal det vere aktivitetar som passar for alle
- Felles juleavslutning
- Skidag
- Påskefrukost i kantina
- Sommaravslutning